



To svanepar på Fjellandsbøvatn vinterstid.

Dei siste åra har det dukka opp svaner på Fjellandsbøvatn på vinteren. Det er ikkje vanleg. Svanene aukar i talet, men ein kjenner ikkje nøyaktig til kvifor arealet deira vert utvida. I fjor vinter vart der observert knoppsvaner på Fjellandsbø i flokkar på to til seks. På det jevne er det seks svaner der gjennom vinteren.

Svaner er den største fuglen i andefamilien med ei vekt opp mot 15 kg. Den er faktisk mellom dei største fuglane som er flygedyktige. På den nordlege halvkule har svanene kvit fjørdrakt og dei lever for det meste på kysten, i myrlandskap, ved vatn og innsjøar, men også på land. Dei er planteetande og monogame, i eit parfohold som ofte varer livet ut.

Reidar Myklebust er interessert og har stor kunnskap om fuglar. Han vaks opp på Rabben nær elvosen og stranda med eit rikt fugleliv. Reidar fortel at i Uskedalen finn vi knoppsvaner, ikkje sangsvaner. Knoppsvaner har svart nebb innerst. Sangsvanene har svart nebb ytterst. Dessutan har knoppsvanene ein S forma hals. Sangsvaner har ein meir rettforma hals. På avstand er det forma på halsen som er den beste måten å sjå på om det er ei knoppsvane eller ei sangsvane.



[I Uskedalen finn vi knoppsvaner, med nebb som er svart innerst.](#)

Reidar fortel at svanene er freda og kan ikkje skytast utan løyve. Bestanden har auka mykje dei siste åra. Kvar svanepar får årleg 3 - 4 ungar. Dei har grå fjørdrakt i oppveksten. Den landskjende svana på Os, Havnesjefen, var ei knoppsvane.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Ida Kristoffersen Øyjord/ Kristian Bringedal